

**BØ KOMMUNE****Økonomiavdelinga**

Saksbeh.: Heidi Roheim
Innvalsnr.: 35059031
Kontoradr.: Bøgata 67
Tlf. etaten: 35 05 90 00 faks: 35 05 90 09

Kommunal- og regionaldepartementet
v/Anne Nafstad Lyftingsmo
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

ØKONOMIAVDELINGA

Dato: 07.02.2008
Arkivnr.: K1-100
Vår ref.: 08/14-3

**SØRHEIMUTVALGET - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE.
OVERSENDING AV HØYRINGSSVAR**

Eg viser til tilsend høyringsbrev, og oversender med dette høyringssvaret frå Bø kommune, Bø i Telemark, når det gjels Sørheimsutvalet si innstilling.

Eg seier meg lei for at dette blir sendt direkte til departementet, og ikkje om KS for samordning, men på grunn av sjukdom hjå sentrale personar i kommunen så er dette einaste måten at vi kan få gjett vårt høyringssvar.

Med helsing


Helge Vreim
fung. rådmann

Kopi til:

Heidi Roheim	Bøgata 67	3833	BØ I TELEMARK
Kommunenes Sentralforbund	Utredning og ommuneøkonomi	0114	OSLO
Lars-Arne Oldernes	Bøgata 67	3833	BØ I TELEMARK



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Formannskapet	14.01.2008	003/08	HRI
Kommunestyret	28.01.2008	003/08	HRI

Saksansvarleg: Heidi Roheim

Arkiv: K1-
100

Arkivsaknr.: 08/14

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

HØRING - SØRHEIMUTVALET - INNTEKTSSYSTEMET FOR KOMMUNANE

Vedlegg: Forslag til høringsuttalelse i KS Buskerud Telemark Vestfold

Saksomtale: Sørheimutvalet leverte sin rapport "Forslag til forbedring av overføringssystemet for kommunene" til kommunaldepartementet 26. oktober 2007.

Utvalet sitt mandat har vore ei vurdering av:

- Skatten sin andel av kommunane sine inntekter
- Nivå på og utforming av inntektsutjamninga
- Selskapsskatten som kommunal skatt
- Regionalpolitisk grunngjevne tilskot innanfor inntektssystemet
- Trongen for eigne tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar
- Storleiken på skjønnsramma innanfor inntektssystemet
- Ordninga med oppdatering av folketal i utgiftsutjamninga
- Trongen for overgangsordningar i inntektssystemet

Kommunane er høringsinstans med frist 28. januar, men departementet ber om at KS samordnar høringsuttaler frå enkeltkommunar. KS sentralt har sett frist til 9. januar for å sende inn synspunkt og kommentarar, medan det er handsama i styret i KS Telemark 14. desember. Derfor må Bø kommune – dersom ein ønskjer å gje høringsuttale – avgje uttale direkte til kommunaldepartementet.

Regionalt økonomiforum i KS BTV har utarbeidd eit grunngjeve utkast til høringsuttale som vektlegg sterkt at alle kommunar skal ha like moglegheit til å gi innbyggjarane tenester og at det gjennom det blir eit likeverdig nasjonalt tenestetilbod. Denne uttalen med nærare omtale og grunngjevingar er vedlagt, og ein viser til dette dokumentet for nærare utdjuping av saka. Ein tilrår at Bø kommune sluttar seg til dette utkastet, og brukar det som kommunen si høringsuttale til kommunaldepartementet, da det på følgande sentrale punkt synest å vere i samsvar med haldningane ein meiner å ha fanga opp gjennom ulike økonomidebattar lokalt her i Bø:

- Rammetilskotet bør aukast på bekostning av skatteinntektene ved at innbyggartilskotet dekker større del av kommunen sitt utgiftsbehov. Sørheimutvalet meiner at skatteandelen bør vere om lag 50 % som før.

- Det bør vere betydeleg større grad av inntektsutjamning enn det Sørheimutvalet foreslår.
- Telledato for innbyggartalet – som er grunnlaget for innbyggartilskot og utgifts- / inntektsutjamning – bør framleis vere 1. januar i budsjettåret, ikkje 1. juli året før slik Sørheim-utvalet foreslår.
- Skatteinntektene bør ha samanheng med kvar tenestemottakarane er busette. Derfor bør selskapsskatten som kommunal skatt fjernast, og kompenseras ved at kommunane sin andel av skatt frå personlege skattytarar aukast. Dette er i tråd med Sørheimutvalet sitt forslag.
-

Rådmannen Følgande høringsuttale vert sendt kommunal- og regionaldepartementet frå Bø
tilrår: kommune:

Overordna ansvar

1. Regjeringa og Stortinget har det nasjonale ansvaret for innbyggjarane si velferd. Regjeringa og Stortinget har derfor ansvaret for at inntektssystemet legg til rette for at alle innbyggjarar i landet skal oppleve å få eit likeverdig nasjonalt velferdstilbod

Skatteandel

2. Rammetilskotet aukast på bekostning av skatteinntektene slik at innbyggartilskotet aukast frå å utgjere $\frac{1}{4}$ av utgiftsbehovet til å utgjere minst $\frac{1}{2}$ av utgiftsbehovet.

Selskapsskatt

3. Vi støttar anbefalinga om at selskapsskatten fjernast som kommunal inntekt. Kommunane kompenserast for bortfall av selskapsskatten ved at kommunanes andel av skatt frå personlege skattytarar aukast.

Inntektsutjamning

4. Utjamninga av skatteinntektene slik Sørheim-utvalet har føreslege er ikkje tilstrekkeleg til å sette kommunane i stand til å gi alle innbyggjarar i landet eit likeverdig tenestetilbod.

Vi anbefalar at den symmetriske delen av inntektsutjamninga aukast slik at kompensasjonsgrad og trekkprosent blir 75 %.

Kommunar med skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet skal, som Sørheim-utvalet føreslår, samla kompenserast med 95 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Desse kommunane blir derfor, i tillegg til kompensasjonen i den symmetriske delen, kompensert for 20 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet i ein tilleggskompensasjon. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at alle kommunar trekkast eit likt beløp pr. innbyggjar.

Distriktpolitisk tilskot

5. Vi støttar utvalet si anbefaling om å samle regionalpolitiske tiltak i eitt distriktpolitisk tilskot, og at det distriktpolitiske tilskotet koblast til det distriktpolitiske virkemiddelområdet.

6. Kompensasjon for høg sats for arbeidsgjevaravgift etter tilbakeføringa av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift overførast frå skjønnsmidlane og leggst inn som eiga kolonne i det distriktpolitiske tilskotet.

Oppdatering av folketal og vekst

7. Vi anbefalar at Regjeringa opprettheld oppdateringa av innbyggartalet ved at både fordeling av innbyggartilskot og utgifts- og inntektsutjamninga baserast på innbyggartal pr. 1. januar i budsjettåret.
8. Kommunar som tapar på oppdaterte folketal skal få kompensert dette gjennom ei sentral avsetjing og fordeling i skjønnsmiddelramma. Dette fordelast samtidig med omfordelinga av rammetilskotet.
9. Vi støttar utvalet si anbefaling om eit eige veksttilskot.

Skjønnsmidlar

10. Vi støttar utvalet si anbefaling om ei opprydding i skjønnsmiddelramma.
11. Det visast til punkt 6 ovanfor. Kompensasjon for høg sats for arbeidsgjevaravgift etter tilbakeføringa av ordningen med differensiert arbeidsgjevaravgift overførast frå skjønnsmidlane og leggst inn som eiga kolonne i det distriktpolitiske tilskotet.

Overgangsordninga

12. Vi anbefalar at overgangsordninga held fram slik den er i dag.

Andre tilhøve

13. Vi anbefalar at det gjennomførast ei særskilt vurdering av spesielle utfordringar for dei største kommunane. Fram til ein har bedre kunnskap om dette, kan det innførast eit eige storkommunetilskot. Framtidige gjennomgangar og analyser av inntektssystemet fører til at kostnadsnøkklane heile tida gir bedre uttrykk for utgiftsbehovet. Dette må takast hensyn til ved seinare vurderingar av storkommunetilskotet.

Sammenblanding av utgiftsutjamning og inntektsutjamning må avvisast, slik at udokumenterte oppfatningar om utgiftsbehov ikkje blir tillagt vekt ved fastsetting av nivået på inntektsutjamninga.

14. Den økonomiske ramma for 2009 aukast reelt så mykje at det kan innførast kompensasjonsordningar til kommunar som får inntektsramma redusert i vesentleg grad som følge av endringane i inntektssystemet.

F-003/08
Tilråding:

Formannskapet **tilrår samrøystes** at kommunestyret gjer vedtak om å slutte seg til uttalen frå "Regionalt økonomiforum i KS BTV".

K-003/08
Vedtak:

Som Formannskapet – **samrøystes**.

Rett utskrift *Ingrid Østund*

Dato: 04.02.2008

Kopi til:

Det kgl. kommunal- og regionaldepartementet

KS-~~Teknisk~~